

Årsberetning for Sunnfjord Kajakklubb 2008

RESULTAT

SKK Drift

Inngående ballanse	pr. 01.01.2008	Kr. 13.359,07
Utgående ballanse	pr. 31.12.2008	Kr. 48.670,72
Resultat (positivt)		Kr. 35.311,65

SKK Naust

Inngående ballanse	pr. 01.01.2008	Kr. 31.440,16
Utgående ballanse	pr. 31.12.2008	Kr. 264,16
Resultat (negativt)		Kr. 31.176,00

I samanheng med at vi har søkt om tilskot frå tippemidlane til naustet, har vi sia 2002 hatt eige rekneskap for naustet. Dette prosjektet er no slutført. Slutt-rekneskapen for naustet er blitt godkjent etter pålagd revisjon og slutt-utbetalinga, kr. 10.000,-, vil bli utbetalt. Som fylgje av at byggeprosessen det er søkt tilskot til, no er avslutta, vil dei to rekneskapa bli slått saman. Dette vil skje ved oppretting av rekneskapen for 2009.

Ein del av denne prosessen, er å avslutte bankkontoen til naustprosjektet. I samanheng med dette, har vi på slutten av året, ført det meste av innestående på naustkontoen, over til klubben. Det relativt store negative resultatet for naustet, og eit om lag tilsvarande stort positivt resultat for klubben, gjenspeglar denne overføringa.

Etter samanslåinga vil klubben ved årsavslutninga, ha kr. 48.934,85 på konto.

I tillegg har klubben sendt ut fakturaer til medlemmar i høve leige av kajakkar og leige av plass til eigen kajakk i naustet, pålydande kr. 21.030,- til saman.

I tillegg vil vi altså få utbetalt resten av tilskotet til naustet, dvs. kr. 10.000,-

DRIFT

Medlemmar

Vi har sendt ut faktura for medlemskontingent til 116 gamle og nye medlemmar. Av desse har 24 valt å avslutte medlemskapen eller dei har ikkje betalt. Etter ei purrerunde på hausten, sto vi ved årsskiftet igjen med 94 betalande medlemmar. Dette er om lag det same som ved førre årsskiftet (91 medl.).

Etter sommarferien har vi tatt berre kr. 125,- for medlemskap ut året. Dette trur vi gjer at nokre fleire melder seg som medlem på hausten. 4 personar nytta seg av tilbodet.

Samla fekk vi inn kr. 24.250,- på medlemskontingent.

Naustet

Drift av naustet har gitt eit overskot på kr. 3.352,- .

Vi hadde kr. 8.000,- i inntekt på utleige av lagringsplass for private kajakkar.

Kajakkbasen

Drifta av kajakkbasen ga eit overskot på kr. 9.715,30.

Utleige av kajakkar, har gitt ei inntekt på kr. 9.080,-

Rune Berge
- kasserar -

Førde 09.01.09